



# Årsmelding

**2018**

## Innhold

Innkalling - Sakliste _____	1
Årsmelding Hovudstyret _____	2
Årsmelding Aktivitetsgruppa _____	4
Årsmelding Fotballgruppa _____	6
Årsmelding Hopp-/kombinertgruppa _____	8
Årsmelding Skigruppa – langrenn/skiskyting _____	10
Årsmelding Alpingruppa _____	12
Årsmelding Årmotslia Skisenter _____	14

**ÅRSMØTE I ELDAR IL**

**SUNDAG 17. MARS 2018**

**STAD: SAMBYGG (INNGANG MOT MYRKDALEN)**

**KL. 19.30**

Det vert utdeling av vandrepokal og stipend.

**SAKLISTE:**

- Godkjenning av innkalling.
- Val av ordstyrar, referent og 2 til å skriva under møtereferat.
- Årsmelding 2018
- Handlingsplanar 2019
- Rekneskap 2018
- Budsjett 2019
- Val
- Kontingent
- Registrering med fødselsdato for aktive utøvarar.
- Klubbhus
- Innkomne saker

Kaffi og kaker

Håpar mange har høve til å koma!

VEL MØTT ☺

## HOVUDSTYRET ELDAR IL

Leiar: Monica Ure

Kasserar: Brit Elisabet Dahle

Skrivar: Gunnbjørg Reed

Medlem, leiar i fotballgruppa: Britt Ragnhild Gjerald

Medlem, leiar i skiskyting: Frank Nummedal.

Medlem, leiar i langrenn: Frode Nummedal

Medlem, leiar i aktivitetsgruppa: Yasmin Dregelid

Medlem, leiar i hopp/kombinert: Magne Sørestrand

Medlem, leiar i alpingruppa: Cecilie Tveite

Medlemstal pr 31.12.2018: 570

Hovudstyret har hatt årsmøte, 4 styremøte, møte med Myrkdalen Fjellandsby. Det er blitt handsama 15 saker.

Då me fekk ny avtale med Myrkdalen med årskort til alle elevane på Vossestrand barne- og ungdomsskule, ser me ein liten nedgang i medlemstala våre.

Tine Fotballskule vart arrangert med mange ivrige fotballspelarar denne sommaren òg. Trenarane var som i fjor, Gaute, Guro og Andreas, veldig kjekt at dei var med oss i år òg.

Langrenn- og skiskytingsgruppa har fortsatt mykje aktivitet og mange som deltek på ulike renn, i år hadde me ein gjeng med skiskyttar som deltok på Kvalfoss-sprinten i Holmenkollen.

Lufta gjekk nok litt ut av oss etter at Seimen-banen og ballbingen var på plass, så 2018 har gått utan store prosjekt, men me planlegg fram mot eit klubbhus som skal vere felles for alle i Eldar. Me var med på ein ganske stor dugnad i sommar (i den varmaste perioden) der me

grusa stien som er laga opp Stalheimskleiva. Hardt arbeid, men blide og hjelpsomme vaksne og born/ungdommar. Det var fleire med ekstremt lange armar ein periode etter å ha dratt opp bytte på bytte med grus.

For å finne informasjon om laget og dei ulike aktivitetane våre er det flott om de besøkjer heimesida vår [www.eldar.no](http://www.eldar.no) og facebook-gruppa IL Eldar.

Hugs at du kan registrere Eldar som din grasrotmottakar om du tippar hjå Norsk Tipping.

Hovudstyret vil takke alle aktive utøvarar og andre støttespelarar til laget det siste året. Det er uttruleg kjekt å ha så mange engasjerte og positive foreldre, og me vil takka for «lånet» av alle dei blide og aktive borna me har på dei ulike aktivitetane våre.

Med helsing frå hovudstyret i Eldar IL v/leiar Monica Ure

## **AKTIVITETSGRUPPA**

Styret har vore:

Leiar: Brita Fossdal Dagestad tom.feb, Yasmin K. Dregelid frå mars.

Kasserar: Rigmor Ulvund

Kontaktperson Turn: Marianne Rødne Hole

Kontaktperson trim: Bjørg Jorunn Lunde

### **Trimgruppa**

Onsdagar mellom kl. 19.30 og k.l 21 møtest om lag 15 spreke damer til aerobic i gymsalen på Oppheim Skule. Trimmen er samansett av oppvarming, styrketrening, uthaldenheit og uttøying. Programmet er samansett og styrt etter musikk. Musikken er ein vesentlig del og gjev stor inspirasjon og glede til å halda oppe dampen. Gruppa heldt på fram til mai 2018. Om hausten hadde dei ikkje noko fast trimgruppe.

### **Klatring**

Det har ikkje vore aktivitet i gruppa. Me foreslår å avvikla gruppa, slik at ein slepp å betale inn avgift i Norges Klatreforbund.

### **Turngruppa,ballspel-gruppa og drillgruppa**

Turngruppa hadde i overkant av 60 turnarar frå 1.-7.klasse.

Endringarne som vart gjort hausten 2017 held fram våren 2018.

1.-2. klasse har hatt ei barnetrim/turn-gruppe. Der har ein turnaktiviter, ballspel, hinderløyper og ballspel.

For 3.-7. klasse har det vore eit tilbod om turn, i denne gruppa har ein ulike turnaktivietar. I tillegg har ein ulike leike-prega aktivitetar og stafettar.

For 3.-7. klasse vart det laga ei aktivitetsgruppe, i denne gruppa har ein hatt ulike ball- leikar og stafettar.

Om hausten er det 60 born som er aktive i gymsalen kvar måndag. På oppstartsmøtet vart det endra litt på gruppene, dette pga. mangel på

foreldre som hjelper til. Ein anna grunn var at me såg aldersforskjellen på borna vart for stor, i nokon av aktivitetane.

1.-2.kl: ulike ballspel, regel-leikar, stafettar, aktivitetssløyper, trening på matter, hoppetau, balansetrening, trampoline.

3.-4.kl: oppvarmings-leikar, stasjonar med ulike turn aktivitetar (trampett, balanse, hoppa bukk), Nokon gonger har dei hinderløype, stafett og ballspel.

5.-7.kl: Me laga til ei «ball-spel gruppe» med fokus på kva borna ynskjer. Me har hatt innebandy-turnering, fotball, «blekk», kjeoglekanonball og kanonball. Me har musikk på til aktivitetane, god stemning!

### **Drillgruppa**

Våren 2018 vart fyrste år på lenge med innslag av drilling i 17. mai toget på Vossestrand. 7 jenter var med. 2.-4.klasse. Instruktør: Gunnbjørg Reed.

Om hausten vart tilbudet utvida til 2.-6.klasse. 10 jenter var med. Instruktør: Gunnbjørg Reed, med god hjelp av Agnethe Gilbakken og Trude Kleppe.

### **Barnetrim/Leik**

Aktivitets tilbod for born i barnehage alder. Ikkje vore noko aktivitet i 2018.

\*Det vart halde 2 møter i 2018. Oppsummerings-møte i april, og oppstartsmøte oktober.

Mvh

Styret i aktivitetsgruppa

## FOTBALLGRUPPA

Styret for 2018 har vore:

Britt Ragnhild Gjerald- leiar

Turid Lirhus- kasserar

Agnete Gilbakken- skrivar

Henriette Gustavsen- Styremedlem

Camilla Jordalen- Styremedlem

Isak Hommedal- Representant for Stronde FK

Reidar Gilbakken- Baneansvarleg og styremedlem

Me har hatt 4 styremøte pluss foreldremøte med alle fotballag

Det har vore 10 lag i barne og ungdomsserien denne sesongen. 4 jentelag og 6 gutelag Tilsaman 120 aktive spelarar! I tillegg har me fotballaget Stronde FK som har delteke i TeBe serien. Me har hatt lag i både 3ar serie, 5ar fotball, 7ar fotball og 2 lag i ungdomsfotball der dei har spel 9ar fotball.

Både J13 og G13 kunne pryde toppen av serietabellen med tilslutt to flotte 2. plassar.

Eldar var representert i Vårsleppcupen, Ål cup, Voss Cup, romjulscupen og Eideshagencup. Ålcup svært spennande for G13 laget vårt som kom til bronsefinalen, og vant den, etter eit fyrverkeri av ein kamp.

Våren lot vente på seg i år, og snøen låg lenge. Etter ein stor dugnadsjobb av banestyret og mange foreldre vart heile bana vår brøyt med handmakt og håndfres, så til 1 mai var den speleklar.

For første gong i år har Sone Voss arrangert kulltrening for 11 og 12 åringer. Her har Eldar delteke. Dette er eit tiltak som er skipa for å



skape gode relasjonar mellom dei ulike laga i sona vår, og hindre fråfall i fotballen.

I år har me hatt tre spelarar som har delteke på Sonetreningar. Derav fekk me ein spelar som vart uttrekt til Sonelaget i Voss/Hardanger fotballsone. Han vart også uttrekt til soneturnering på Askøy, men kom ikkje vidare til kretslaget.

Pilotprosjektet som Hordaland fotballkrets har delteke i, er no vedteke av heile NFF, så dette vil fortsette som før. Og me i Eldar har blitt svært positive til dette. Dei nye speleformene som til dømes 3-ar fotball har vore utelokkande positivt, og absolutt god for å rekrutere spelarar.

Me arrangerte fotballens dag ute, i år som i fjor. Med kafe, premieutdeling og turneringar i fotball som før. J13 sin kamp mot "mamma-laget" vart både ein kjekk og underhaldande kamp. Og Stronde sin kamp mot "old-boys" er blitt ein kjekk tradisjon.

Etter fotballensdag gjekk turen til Uteløo der Eldar hadde medlemsfest.

Fotballskulen vart arrangert for 9. gong. I år var dei kun på Seimenbana. Det var Gaute Hauge, Guro Hauge og Andreas Støyva som stilte som trenarar i år også. Bra jobba og kjekk aktivitet for borna i ferien sin! Fotballskulen vart avslutta med turnering og grilling.

Me i fotballstyret vil nytta høve å takka alle som har bidrege til at sesongen 2018 har vore ein flott sesong. Først og fremst Spelarane sjølv, Trenarar og Lagleiarar. Men også foreldre som stiller som heiagjeng og dugnadsgjeng-

No gler me oss til fotballsesongen 2019!!!!

Mvh Styret i fotballgruppa

## HOPP-/KOMBINERT GRUPPA

Styret i hopp-kombinertgruppa har vore:

Leiar: Magne Sørestrand,

Medlem: Ragnhild Ure Søtvik

Medlem: Ingeborg Ure Søtvik

Medlem: Lars M Bystøl

Framnesbakkane – aktivitet- 2018.

Det har vore 3 kretsrenn hopp og kombinert vinter – og telenorkarusell påsken 18.

Kretsrennet i januar hadde 12 deltakar , og rekruttrennet 23 mars hadde 49.

Dette rennet var og telenor for Eldar.

Karusellrennet i påsken hadde 18 deltakarar – frå Eldar og påskegjester.

Vedlikehald bakkane: Arenahuset i bakken er ferdig – toalett må koma straks.

Kunstgras og nytt spor sommarhopping er på plass i K15 og K25.

Rekkverk K 52 vart øydelagt då snø rasa ned og ut sidelengs – dette er reparert.

Sindre Ure Søtvik var beste norske kombinertløpar i COC ( europacup ) og deltok på 5 WC renn- er på rekruttlaget i NSF- eit lag der dei må betala dyrt for å vera med . I COC 2 singlar og 3 pallplassar.

Lars som motivator på telenorkarusellen.



Mvh

Styret i hopp-/kombinertgruppa

## SKIGRUPPA – LANGRENN/SKISKYTING

Styret i langrenn og skiskyttargruppa har vore:

Leiar skiskyting: Frank Nummedal

Leiar langrenn: Frode Nummedal

Kasserar: Margot Ure

Medlem/skrivar: Alvhild Bidne

Medlem: Hilde Knapstad Tveite

Medlem: Jon Håkon Anthun

Skigruppa har hatt skitrening to kveldar i veka i vinterhalvåret med langrenn på mandagane og skiskyting torsdagane. Det har vore god deltaking og me har vore +- 30stk på langrennstreningane. I skiskyting har det vore god rekruttering og her har me vore 15-20stk på treningane. Det har denne sesongen vore mest deltaking på skiskyttarrenn av både store og små i Eldar men og i langrenn har vore utøvarar delteke. Åsne Ulvund og Bjarte Mørkve representerar våre eldste utøvarar og er gode forbilder for rekruttane våre og kan visa til gode resultatert gjennom sesongen.

Me har i 2018 arrangert 4stk EldarCup'ar i langrenn, alle med god deltaking og dette lovar godt for rekrutteringa i klubben.

16 desember skulle me arrangera Gla'laks Cup 1 i Årmotslia i lag med Fana IL , men pga snjomangel vart me nøydde til å avlyse rennet. Tidlegare år har me alltid arrangert Gla'laks Cup 2 i romjula. I år braut me denne tradisjonen og me arrangerte dette rennet fyrst 20. januar.

Også i år arrangerte me Skiskytingens dag påskafta. Dette er vorte eit stort arrangement og ei veldig god inntektskilde til skigruppa. Også i år deltok det over 500 store og små. Stor takk til alle medlemmene som stiller opp som funksjonærar sjølv om da er påske!

Me arrangerte og i år «Eldarsleppet» på Oppheim skule. Det var i år heller liten deltagelse og me vurderer kor vidt me kjem til å arrangera dette i framtida.

Frå mai månad og fram til jol (med unnateke av nokre veker i sommarferien) har me hatt skytetreningar på skytebanen på Tveite kvar fredagskveld. Me er no so mange at me har måtte dela oss i 2 grupper, ei for dei som skyt med bukk og ei for dei som skyt med reim. Utover hausten såg me tydelege resultater av at utøvarane har fått skote ein del og det vart mykje god skyting. 25 mai fekk me besøk av tidlegare skytetreinar på skiskyttarlandslaget Joar Himle som hjalp våre reimskyttarar med liggestilling og teknikkar og dette sette me stor pris på, både utøvarar og foreldre.

Etter haustferien starta me opp med barmarkstrening på Oppheim skule der me på det meste var nærmare 40stk!. Me har og i år hatt 2 dagar der, tysdag og torsdag, fyrst jogging ute og deretter styrketrening inne. I og med at det vart ein snjofattig start på sesongen so heldt me det gåande heilt fram til jol.

Måla våre er som tidlegare år, å halda på alle dei kjekke rekruttane som er med og foreldra som stiller opp og hjelper til. Me har mykje moro ilag og det skal me ha vidare framover og 😊

Mvh

Styret i skigruppa

**ALPINGRUPPA**

Leder og kasserer: Cecilie Johnsen Tveite  
Medlem: Kjartan Ulvund  
Medlem: Svein Olav Almeland

Oppstart: onsdag etter skolestart i januar  
Antall deltakere: 40 (varierende oppmøte)  
Treningstid: onsdager kl. 18.00 til 19.30  
Antall treningsdager gjennomført: 12  
Uker MF er heisansvarlige pga. vinterferie: 3  
Trening avlyst pga. værforhold: 0  
Sesongavslutning: etter påske, onsdag 11 april

Sesongen 2018 har blitt gjennomført uten treneransvarlig og derfor valgte vi å flytte treningstiden fra 17.30 til 18.00. Vi fikk gode tilbakemeldinger av foreldre på denne endringen.

Deltakerne har en jevn aldersfordeling med ca. 10 deltakere i hver av aldersgruppene delt mellom barnehage, 1,2,3 klasse, 4,5 klasse og 6,7 klasse.

Aktiviteten på treningene har helt naturlig vært preget av de eldste barna i Landsbytrekket og de yngste i Barnebakken.

I 2017 falt påsken til månedsskifte mars/april og vi valgte derfor å utsette avslutningsrennet til midten av april!

Rennet ble da arrangert på tradisjonelt vis og avsluttet med grilling og premieutdeling!

Frem til neste sesong vil vi jobbe mot og få med oss en som kan være ansvarlig for aktivitet/trening.

Etter sesongen 2018 går Svein Olav Almeland ut av sitt medlemsverv i Alpingruppen.

Vi takker for hans deltakelse og gode samarbeid!

Samtidig ser vi frem til forberedelser mot neste sesong med vårt nye styremedlem Ståle Hirth.

Vi i Alpingruppen takker **Anders Hauso Johansen** for at han er med oss som ansvarlig for drift av Landsbytrekket. Vi takker alle **foreldre**, som alltid stiller opp og hjelper til når vi spør, og sist men ikke minst takker vi også **Myrkdalen Fjellheiser** og deres ansatte for veldig godt og uunnværlig samarbeid.

Mvh

Styret i Alpingruppa

## ÅRMOTSLIA SKISENTER

Styret har vore samansatt av:

Formann: Lars Mørkve

Kasserar: Jørn Nordgård

Styremedlem: Kjetil skjervheim

Frå Ørnar: Nils Klette, Kjell Lirhus

Viktigaste saka i år, som tidlegare år, har vore ny avtale med grunneigarane i Årmotslia. I samarbeid med Myrkdalen Fjellandsby nærmar me oss no ein ny avtale. Målet er å få dette i boks til neste sesong.

Arbeid utført i 2018:

- Reperasjon av taket på arenahuset.
- Fått ferdig taket på stålcontaineren.
- Rydda ein god del skog langs og i løypetraseen.
- Fjerna det gamla toalettet.

Tilskipingar:

- Skiskytinga sin dag påskeaftan som vanleg med ny rekord.
- 4 Eldar-cupar
- Skimerkeprøve Sjøkrigsskulen,
- Eldar sitt skiskyttarrenn vart flytta frå romjula til januar 2019. skiskyttarkrinsen sitt opningsrenn i desember vart avlyst pga snømangel. Difor har me ikkje hatt noko krinsrenn i 2018.



Tankar for 2019:

Dersom me får på plass ny avtale med grunneigarane, er viktigaste oppgåva å skifte ut lysarmaturane. Dessutan: ny tidtakarbu og nytt permanent toalett er gode ynskjer.

Mvh

Styret i Årmotslia Skisenter